

Kyrkjeleg fellesråd i Kvam
Postboks 39
5601 NORHEIMSUND
post.kvam@kyrkja.no
Tlf. 47 48 31 20

ORIENTERING OM AVGIFTER VED VIGSEL

Har de **bustadadresse i Kvam og er medlem** i Den norske kyrkja?

- Då er det i utgangspunktet **gratis** å gifta seg i ei av våre kyrkjer.
- **Unnatak** er dersom de vel ein vigselfdag som er lukka for vigsel p.g.a. ferie, då må de sjølve ordna med, og betala for prest, organist og leige av kyrkja m/kyrkjetenar. Prestar og organistar har egne honorar, medan kyrkjeleige for tida er **kr 1.800,-**

Har de **bustadadresse utanfor Kvam (utanomsokn)**?

1. Dersom brureparet har folkeregistrert bustadadresse utanom *prosti*grensene, (dvs. utanom kommunane Kvam, Samnanger, Ullensvang, Eidfjord, Voss, Ulvik og Vaksdal) har ein ikkje rett til å bli via av soknets prestar, og dersom vigselen er lagt til ferietida til prestane, lyt ein skaffa og betala for prest sjølve. Viss soknets prestar kan utføra vigselen, så lyt ein betala **avgift til Bjørgvin bispedøme for utført presteteneste** dersom ein gifter seg i ei kyrkje i Kvam. Denne er for tida på **kr 3.500,-**
2. Dersom ingen av brureparet har vakse opp i Kvam, eller har foreldre som bur i Kvam i dag, så må det **i tillegg** betalast ei **avgift til Kvam kyrkjelege fellesråd for kyrkjetenar og kyrkjeleige**. Denne er for tida på **kr 4.000,-**
3. Ein lyt også sørge for leige av organist (egne honorar), men me kan hjelpa med kontaktinformasjon.

Dersom **ingen** av brurefolka **er medlem i kyrkja**, gjeld alle dei 3 punkta ovanfor, uansett bustad.

Prisane kan bli endra ved årleg prisjustering.